



Vidar Akselsen har jobba for Ukraina i mange år

Trailaren til Stiftelsen THK lasta opp 204 sekkar frå Rosendal og 150 sekkar frå Uskedalen i ettermiddag og det tykte leiar Vidar Akselsen var eit bra resultat, Herifrå køyrde han vidare til Husnes og Halsnøy og trailaren med klede og anna frå Kvinnherad set kursen mot det krigsramma landet onsdag.

Då er lasta supplert frå lageret på Karmøy. Målet er byen Korosten vest i landet, medan krigshandlingane først og fremst går føre seg lengst aust. Men det er lova at 20-30 prosent skal koma fram dit, opplysar han..

Han strekar under at hjelpa trengs i større grad enn nokon tidlegare. Økonomien i landet er iferd med å bryta saman, ikkje minst på grunn av krigshandlingane som krev store summar.. Innsamlingsresultatet i Kvinnherad karakteriserar han som normalt samanlikna med tidlegare.

Og så minnar vi nok ein gong om at THK står for **tru, håp og kjærleik!**

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen



Klart til avgang frå Uskedalen!